

SLUTTRAPPORT – SIKRINGSMIDLAR BYGG 026 SMIA, TIDLEGARE ODDA SMELTEVERK

Vi viser til tidlegare innsendte statusrapportar. Vi ber om forståing for at dette prosjektet har teke så mykje tid, men det har vore naudsynt fordi premissane i prosjektet har endra seg over tid. I august 2015 vart Landsline i smedfaget etablert i smia og vi måtte leggje alt sikringsarbeidet til side og prioritere andre tiltak slik at denne gamle smia no stettar alle moderne krav til arbeidsmiljø. Dette saman med omsyna til at dette er eit antikvarisk bygg har ført til ein viss grad av prøving og feiling. Først når andre studieår starta opp med fullteikna elevtal (10 elevar) var vi klare til å slutføra prosjektet.

Det er også viktig å leggje til at aktiviteten i nærliggande bygg er endra frå nesten ingen aktivitet til at det no er etablert firma i fleire bygg i området. Riksantikvaren har ytt midlar til vaktmeister for heile Smelteverkstomta. Dette i tillegg til aktivitet i bygget og omkringliggjande bygg har ført til mykje mindre hærverk og innbrot.

Følgjande tiltak er gjennomført i prosjektet:

- Det er utarbeidd brannkonsept for heile bygget
- Brannalarm tilpassa aktiviteten i smia med varsling til brannvesenet
- Nøkkeltube for tilgang til brannvesenet
- Innbrotsalarm er montert
- Montert varevindauge i stålramme med laminert glas framfor vindauge i smie-delen
- Det er utarbeidd låsplan for heile bygget. Låsane i smia er tilpassa og skifta.
- Brannslokkarar er monterte.
- Orienteringsplan utarbeidd

Oppsummering:

Varevindauge i stålramme gjev ein flott effekt. Dei gamle vindauga vert markerte. I tillegg til sikring får me også ein energigevinst.

Det er utarbeidd ein låsplan over heile bygget. Denne kan me nytta vidare for å skifta ut nytt låssystem for heile bygget.

Tiltaka som er gjennomførte er godkjende av og utført i samråd med fylkeskonservatoren.

Drifts- og serviceavtalane vert teikna felles for alle anlegga våre.

Bidragstalarar til prosjektet :

Kulturrådet	165 000,-
Stiftelsen UNI	152 500,-
Hordaland fylkeskommune	90 000,-
NVIM - Eigen del	50 000,-
Tilsaman	457 500,-

Med venleg helsing
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum



Knut Markhus,
Direktør



Svein Jåstad,
prosjektleiar

Status	Bilag	Skildring	Merknad	Sikrings- midlar	Medgått eks mva	Mva	Sum
FINANSIERING							
		Kulturrådet		165 000			
		Stiftelsen UNI		152 500			
		Hordaland fylkeskommune		90 000			
		Eigen del		50 000			
		Disp midlar		457 500			
KOSTNADER							
Bokført	503331	Veberstad elektro	akonto		62 000	15 500	77 500
Bokført	503640	Odda mekaniske hesper			350	88	438
Bokført	503325	Odda mekaniske rammer			55 000	13 750	68 750
Bokført	506341	Odda mekaniske glasslist			8 790	2 198	10 988
Bokført	503705	Odda mekaniske glasslist			2 104	526	2 630
Bokført	503577	Hole akonto	akonto		40 000	10 000	50 000
	503677	Hole kreditnota	kreditnota		-40 000	-10 000	-50 000
Bokført	503655	Hole faktura			48 450	12 113	60 563
Bokført	70050				-6 744	-1 686	-8 430
Bokført	503809	Astrup	Boltar		121	30	151
Bokført	503506	Astrup	Boltar		320	80	400
Bokført	503554	Monter			118	29	147
Bokført	503558	Meusbürger maling			745	186	931
Bokført	503752	Odda mekaniske			615	154	769
Bokført	504236	Veberstad elektro			60 000	15 000	75 000
Bokført	504805	Hole			1 774	444	2 218
Bokført	504665	Lofthus Bygg boring nøkkelitube			2 035	509	2 544
Bokført	504450	Veberstad elektro			4 423	1 106	5 529
Bokført	504262	Arkipartner dwg teikningar			1 530	383	1 913

 Norsk Vasskraft- og
 Industrihistoriskmuseum

